

Nr. 1-2018, årgang 53.

KYRKJEBLAD

for Kviteseid, Vrådal, Brunkeberg, Fjågesund og Kilen.



Den oppstadne Kristus. Måleri frå apsis i Kviteseid kyrkje.

Side 4: Kyrkjebladet tek ein prat med Astrid Hafskjold.





Kyrkjetrappa

Kyrkjekontoret i Kviteseid
Tlf. 35 06 81 31
Kviteseidgata 13, 3850 Kviteseid
Nettadresse: www.kviteseid.sokn.no



Kristen Salmelid
Kyrkjeverje
Kontor tlf. 35 06 81 31
Mobil tlf. 97 04 78 60
post@kyrkjetrappa.no



Møyfrid Lunde
Sokneprest
Kontor tlf. 35 06 81 32
Mobil tlf. 46 90 72 31
sokneprest.kviteseid@kyrkjetrappa.no



Dagfinn Køhn
Organist
Kontor tlf. 35 06 81 48
kantor.kviteseid@kyrkjetrappa.no



Håkon Heggveit
Kyrkjegardsarbeidar/
kyrkjetenar
Mobil tlf. 91 18 37 50



Jan Haugen
Kyrkjegardsarbeidar/
kyrkjetenar
Mobil tlf. 91 12 02 48
kyrkjetenar@kyrkjetrappa.no



Birgitte Nødland Danielsen
Kyrkjelydssekretær og
trusopplærer
Kontor tlf: 35 06 81 28
sekretaer@kyrkjetrappa.no



Eilev Erikstein
Prostidiakon, 3880 Dalen
Mobil tlf. 91 11 35 80
eilever@online.no

Om bladet

Ansvarleg redaktør: Møyfrid Lunde
Framsidedfoto: Kjell Arne Norum
Utforming: Niklas Karlsen
Trykk: Erik Tanche Nilssen AS
Bladet er trykt på resirkulera papir.

Bankgiro:

Kyrkjeblad for Kviteseid,
3850 Kviteseid
Kontonr. 2660 10 30615
Vipps 87960 Sundagens takkoffer.
Vipps 87961 Kyrkjelydsarbeidet.
Vipps 87955 Misjonsprosjektet.
Vipps 88073 Gåve til kyrkjebladet.

Påskevandring

Av sokneprest Møyfrid Lunde

Eg har lurt på om ein må vere glad i naturen for å bu her i Vest-Telemark, eller om ein blir det av å bu her? Det har slått meg kor ofte det blir tatt fram i sørgjesamtalar at ho eller han var glad i å gå på tur, eller var glad i naturen og brukte den på andre måtar.

Ei vandring kan gje så mykje både for kropp og sinn. Det å gå er i seg sjølv helsebringande. Og når ein er ute, kan ein bruke sanseapparata på små og store ting ein oppdagar. Det litle snøfnugget eller den kvitkledde skogen gjer stadig nye synsintrykk. Og når våren tek tak, kan ein høyre det smelle i fossen som opnar seg medan isen smeltar stille på vatnet. Snart er det nytt liv som gror og rører seg alle stader. Påskedagane ligg det til rette for ei både kroppsleg og sanseleg vandring i og mellom dei ulike kyrkjene her i kommunen.

Vandringa fylgjer Jesu veg mot død og oppstode, men er først og fremst til styrke og glede for vår eigen kropp og sjel.

Skjærtorsdag kan vi møtast til kveldsmesse i Vrådal kyrkje. Der kan ein smake det nattverdmåltidet Jesus innstifta på denne dagen. Omgitt av mørkret får me ta imot ein skvett vin og ein liten kjeks som gjev oss del i noko mykje større.

Langfredag står døra open i Brunkeberg kyrkje. Der får me høyre den lange forteljinga om Jesu liding. Det kan vere vondt å høyre, men gjer oss audmjuke og takksame for denne kjærleiken som er sterkare enn døden.

Påskedag feirar vi høgtidsgudsteneste både i Kviteseid og i Vrådal. Eg håpar at vi kan fylle kyrkjene med ord og tonar som kan stige opp i glede over Jesu oppstode som han har gitt oss del i.

2. påskedag i Fjågesund er den ekstra dagen me bruker til å markere at dette er ein høgtid som skal vare. For faktisk er det ikkje slutt. Me helsar kanskje ikkje lenger «God påske» til dei me treff att etter påskeferien, men i kyrkja feirar me påska i 40 dagar – heilt til Kristi himmelfartsdag.

Ein kan vandre til fots eller køyre bil. Vi får smake, høyre, sjå og undre oss over små og store ting som skjer i gudstenesta. Og kanskje aner me noko av det som er mykje større, og som vi får ta del i på denne vandringa.

«Lova vere Gud, vår Herre Jesu Kristi Far, han som i si store miskunn har fødd oss på nytt til ei levande von ved Jesu Kristi oppstode frå dei døde!» (1. Pet 1,3)
God vandring og god påske!



«Eg prøvde å slutte, men fekk abstinens»

Av Øyvind A. Jørgensen

Heldigvis er det ikkje hasj eller sprit eller liknande ho talar om, Astrid Hafskjold (77). Det er Kvite-seid kyrkjekor! Der har ho vore med i tre tiår no, og saman med Dagfinn og dei andre gler ho kyrkjelyden med vakker song i gudstenester og på konsertar.

Barndom i Sauland

Astrid er fødd i det andre krigsåret, og vaks opp i Sauland. «Eg er ein-barn», fortel ho, «men eg sakna ikkje sysken, for ei kusine budde i

same huset som oss, og vi vart som systrer.» Astrid blir tankefull når ho fortel om kusina si. «Ho måtte slite med sjukdom frå ho var ganske ung, medan eg fekk vere frisk.»

Astrid treivst godt på skulen. Ho lika rekning, men var ikkje like glad i å skrive stil, og spesielt ikkje i teikning. «Ein gong skulle eg teikne kornhausten. Eg teikna korn på staur, men læraren så at det ikkje var menneske der. Nei, dei er heime og et, sa eg. Han godtok det.»

Ungdomstid og utdanning

Etter framhaldsskulen gjekk Astrid to år på Sagavoll folkehøgskule. «Alle burde ta eit år på ein slik skule. Det gjev noko for livet. Ein gløymer ikkje kameratskapen der.» Så tok ho handelsskule på Notodden. Tal og rekneskap passa godt for henne. «Generasjonen min er nok betre enn ungdomen i hovudrekning, men dei unge er mykje betre på data og mobiltelefonar. Då eg sto fast ein gong, sa eit av dei minste barneborna mine: Du gjer bare slik og slik, mormor.»

Arbeid og familie

Etter handelsskulen flytta Astrid til Drøbak der ho fekk arbeid i bank. Då traff ho Kåre. Ho tok eit halvt år på husmorskule på Notodden, og då dei hadde gifta seg, busette dei seg i Drammen. Astrid fekk jobb i eit elektrikarfirma, for dei hadde akkurat kjøpt ein slik bokhaldarmaskin som ho hadde bruka i banken. «Eg fekk jobbe akkurat når eg ville, bare eg gjorde det eg skulle. Det passa fint når vi hadde fått Hedvig.» Så vart det seks år i Haukeli, og der kom Agnete til verda.

Til Kviteseid

I 1977 flytta familien til Kviteseid.

Her kom Karianne til. «Vi trivst veldig godt. Her i Kviteseid har vi alt, fjell og vatn, gode grannar og hyggelege menneske som hjelper kvarandre. Somme tider tenkjer eg vi skulle hatt ein lettare bustad, men når heile familien er samla, er det godt å ha plass.» Det er veldig stas med besøk av dei fem barneborna, som er i alderen 7 til 24 år. Til jol var heile familien samla på Høgvoll.

Om kjærleiken til Kviteseid er aldri så djup og ekte, er det for alltid Sauland som er «heime» for Astrid. Rett nok er slektningar og vener blitt borte med åra, og barndomsheimen fann ho best å selje, men minna er mange frå ein god heim og ei fin bygd.

Barnehagen

Ein dag ringte dei frå barnehagen. Dei trong ein vikar. «Eg var ganske nervøs, må eg innrømme. Dette var noko heilt nytt, og eg var engsteleg for at det kunne skje noko gale med borna. Men eg tok vikarjobben, og seinare vart eg fast tilsett. Etter nokre og tjue år var det godt å bli pensjonist, men eg saknar borna og kollegaane.»

Fritid

Astrid likar å strikke og brodere og

løyse kryssord. Ho går tur med LHL-gruppa, og prøvar elles å gå ein liten tur kvar dag. Saman med Kåre har ho vore på mange reiser, m.a. til Roma, Tallinn, Gardasjøen og Lofoten. Særleg inntrykk gjorde det å sjå dødsleiren i Auschwitz. «Eg hadde sett det på TV, men det var veldig sterkt å sjå det med egne augo.»

Kristen tru

Sidan foreldra hørde til Misjonsforbundet, fekk Astrid kristen-trua med seg frå barndomen. «Eg er døypt og konfirmert i kyrkja, og der gjekk eg på Yngres, og sundagsskulen var på Sion. På Sagavoll og Oksøya var det leirar.» Slik har Astrid fått eit ope sinn for ulike kyrkjesamfunn, og ho likar godt å vere på fellesmøte.

Kva har så trua å seie for livet? Ho må tenkje litt før ho svarar. «Det er ikkje lett å setje ord på det, men trua er noko naturleg for meg, ho har alltid vore der. Eg kan ikkje seie eg kjenner meg så heilag, men trua er noko eg aldri må miste.» Astrid har aldri vendt seg bort frå barnetrua si, men sinna på Gud har ho vore. «Når noko vondt har skjedd, då har eg vore sinna på Gud, frykteleg sinna òg. Eg har sagt at når du har all makt, kvifor


kunne du ikkje gjere at dette vart annleis?»

Song og musikk

I heimen var det mykje song og musikk, og Astrid har sunge på sundagsskulen og på joletreffestar frå ho var lita. Litt seinare gjekk ho på gitarkurs på Notodden. Så byrja ho å syngje på leirar og møte saman med ei venninne. To gitarar og tostemt song. «Det var veldig koseleg. Eg har mange gode minne frå det.» Gitaren er merka av flittig bruk, men no står han stille i stoga. «Eg er blitt for stiv i fingrane no.»

Kyrkjekoret

Astrid har vore med i fleire kor opp gjennom åra, men lengst i Kvite-seid kyrkjekor, rundt 30 år no. «Eg tykte eg var blitt for gamal, og skreiv til Dagfinn, men han svara at det ikkje var noko aldersgrense. Eg prøvde å slutte ein gong òg, men eg fekk abstinens, kan ein vel seie. Eg sakna koret. Så gjekk eg innom Jørgen og spurde om det var øving, og då byrja eg att. Av og til er det tungt å gå ut om kvelden, men så kjem eg att som eit nytt menneske.» Astrid likar best å stå på galleriet. Ho er ikkje av dei som vil stikke seg fram. Men slutte i koret har ho ikkje planar om.



Jesu sju ord på korset

Konsert i Kviteseid kyrkje langfredag klokka 17.00:

Strykekvartetten Quartet on The Corner vil framføra Haydn sitt kanskje inderlegaste verk, Jesu sju ord på korset. Utgangspunkt for musikken er sju fraser Jesus ytra før han døydde på korset, og verket vart skrivi etter at Haydn på 1780-tallet fekk ei verkbestilling frå den store katedralen i Cádiz i Spania. Verket er inndelt i sju satsar, ein til kvar av frasene, i tillegg til ein introduksjons- og ein avslutnings-sats, der avslutninga er sjølv jordskjelvet.

Quartet on The Corner er ein profesjonell strykekvartett med Wiggo Dahl og Daniel Dalnoki på fiolin, Jon Sønstebø på bratsj og Vojtech Novak på Cello. Dei har tidlegare mellom anna spelt på Oslo kammermusikk festival og Nordischer klang i Greifswald i Tyskland og urframført fleire verk av m.a. Henrik Ødegaard og Egil Kapstad.

Prost Asgeir Sele vil også vere med langfredagen i Kviteseid kyrkje og framføre tekstane til verket og eigne korte meditasjonar. Det er fri inngang, men det vert teke opp kollekt til dekking av utgiftene.

Mitt diakonliv i Vest-Telemark

For meir enn 25 år sidan kom Eilev Erikstein som diakon til Kviteseid. Kyrkjebladet har bede han å samle nokre sentrale tankar kring arbeidet i denne tenesta:

Torsdag 19. januar 1991 vart eg presentert som diakon på Misjonshuset i Kviteseid. Eg visste ikkje kva eg gjekk til. Men no veit eg at eg fekk ei stor gåve den kvelden: Det å arbeide som prostidiakon i Vest-Telemark.

Grunnlaget for min diakoni er kontakt med folk. Utan kontakt med folk kan ein heller ikkje organisere friviljuge. Diakonien lagar ein link mellom gudstenester og det daglege livet. Diakoni er bygdeutvikling og infrastruktur mellom menneske. Slik sett viktigare enn breiare og raskare vegar.

Diakoni er medvandring. Jesus hadde stått opp. Sprengt grensene mellom liv og død. No var han ute og gjekk mot Emmaus. Her treffe han to disiplar, gav seg i prat med dei. Lytta, spurte og trøysta, men dei kjende han ikkje att. Ikkje før han sette seg ned ved bordet og braut brødet.

Gud openberra i det alminnelege, i nærværet mellom menneske, i teneste og enkle daglege handlingar og fellesskap kring eit bord. Det er der eg vil vere som diakon. I spanninga



Foto: arkivfoto av Eilev Erikstein.

mellom det heilage og ålmenne lever me alle. Og kanskje er 'trua' det mest alminnelege som finst. Utan denne trua veit eg ikkje korleis eg skulla ha klart livet?

Stadig grip eg attende til nokre ord av Tarjei Vesaas; ord han skreiv på slutten av livet, etter å produsert tusenvis andre. Kanskje eg kunne ønskje at det vart ei slags oppsummering etter 25 år som diakon i Tokke, Vinje, Nissedal, Fyresdal og Kviteseid. Dei lyder slik:

Han tenkte ord.

Ord og ord.

No ikkje fleire ord.

Her er mi tyrste hand.



Nytt golv i «Kyrkjesalen»

Mange møtte fram til den fyrste messa etter jol i Brunkeberg kyrkje. Etter gudstenesta inviterte kyrkjelydsutvalet til kyrkjekaffi i «Kyrkjesalen», møterommet i kjellaren. Denne dagen var ein merkedag, for det var fyrste gongen salen var i bruk etter at han hadde fått nytt golv.

«Vi oppdaga både sopp og mugg og råte i golvet», fortel kyrkjeverje Kristen Salmelid. Det hadde fleire gonger vore vasslekkasjar frå tilstøytane rom og kanskje også for mykje fukt frå grunnen. Kyrkjetenarane reiv då opp golvet og sette i gang med avfukting, som heldt på i lang tid. Så vart det støypt nytt golv

med varmekablar, og det vart lagt flisar på golvet. «Mykje arbeid vart gjort av våre eigne folk, men vi leigde til støyping, flislegging og elektrikararbeid. Kostnaden vart om lag 130 000 kr., som gjekk av driftsbudsjettet for 2017.»

Under kyrkjekaffien takka Kjetil Torsdalen, på vegne av bygdefolket, for det fine golvet og arbeidet som er gjort. «Her har det vore mange samlingar gjennom åra», mintest han, «sundagsskule, indremisjonsmøte, bibelmisjon, kyrkjekaffi, kurs, konfirmantundervisning og mykje meir.» No er salen i god stand for nye oppgåver.

Anna Midtgaard – ein takk frå kyrkjelyden

Anna Midtgaard, f. 1922 i Hallingdal, kom til Kviteseid i 1963. Ho var gift med Haarek Midtgaard (1920-1999), som var sokneprest her til 1984. Dei vart buande i Kviteseid som pensjonistar. Anna døydde like før jol. Her i Kyrkjebladet vil vi fyrst og fremst minnst henne i takksemd for den trufaste tenesta i kyrkjelyden.

Anna var sjukepleiar, og hadde god røynsle frå ulike stillingar. Diakoni som kristen omsorg for menneske kom til å prege heile livet hennar. Som prestekone i mange år sto ho saman med Haarek i tenesta både heime og ute. Til prestegarden kom folk for å hente dåpsattest, avtale vigsel osv., eller for å snakke med presten om noko som plaga dei. Når Haarek var ute, fekk dei kome inn til Anna medan dei venta, og mange er dei som fekk trøyst i sorga si på kjøkkenet hjå henne.

Anna var glad i song og musikk og hadde ei fin songstemme som ho gjerne brukte til solosong. På Værøy var ein av fiskarane så glad i songen hennar at han betalte henne med klip-pfisk. Då familien Midtgaard flytta, sa han: «No går sola ned på Værøy.» Også her i Kviteseid gledde Anna mange med songen sin.

Anna Midtgaard hadde mange gode



eigenskapar i møte med menneske. Ho var raus, romsleg, omsorgsfull, varm, audmjuk, trygg og uredd. Ho var veldig utadvendt og kunne dele både sorger og gleder med andre. Ho var humoristisk og hadde sjølvironi og ei spesiell evne til å tåle påkjenningar både fysisk og psykisk.

Anna hjelpte til med konfirmasjons- og dåpsselskap, ho gjekk på besøk, gav skyss, sat vakt hjå gamle og mykje meir. Om hausten tok ho gjerne med seg vener på bærtur. Ho var også med i Sanitetsforeningen og misjonsforeningen. Då ho fekk Diakoniprisen i 1998, var det fullt fortent.

Ei heiderskvinne, ein bauta, borte i Kviteseid.

KVA GJER DU VEN

Tekst: Olav Mosdøl

Musikk: Jon Hinna

The image shows a musical score for the song 'Kva gjer du ven'. It consists of five staves of music in G major, 3/4 time. The lyrics are written below the notes, and chords are indicated by letters like G9, G, G/F#, em9, am7, D7, hm7, and em7. The lyrics are: 'Kva gjer du ven når det mot kveld-den stundar og tan-ke-pil-en-e når mål-et sitt? Går du som Ju-das inn i mør-ke lundar og sel din ven og sel din ven for syl-vet som vart ditt?'.

Kva gjer du ven

av Olav Mosdøl

Kva gjer du ven
når det mot kvelden stundar
og tankepilene når målet sitt
går du som Judas inn i mørke lundar
og sel din ven for sylvet som vart ditt?


Kva gjer du ven
når hanen gjel i otta
og sviket kløyver gjennom von og tru,
let du som Peter meisteren bli spotta
og vinglar i langfredags gråt og gru?

Kva gjer du ven
når dagen går på tverke
og uvissa tek bort den gode fred,
legg du som Tomas hand i sår og
merke
og byter tvil med tru på bøygde kne?

Kva gjer du ven
når påskesola lyser
og smeltar isen i ditt tunge sinn,
kan du som Magdalena håpet hyse
og helse høgt i glede: Frelsar min?

Fargelegg!


Jesus vaska føtene til læresveinane.



Teikning: Jan McCafferty

Prikk til prikk

Teikn ein strek frå 1 til 2 og så vidare. Kva skjuler seg?



Mannen gjekk inn på reisebyrået og sa:

- Eg vil ha ein billett til Sikte.
- Sikte, kor er det?
- Eg veit ikkje, men på vèrmeldinga sa dei at det var betre vèr i Sikte.

Vitsar

- Kvifor et du plaster?
- Eg har så vondt i magen.

- Kvifor puttar du iPhonen din i juspressa?
- Eg lagar Apple-jus.

Finn 5 feil

Teikning: Jan McCafferty

Kvelden før Jesus blei korsfesta, feira han påskemåltid med læresveinane sine. Finn dei fem feila i biletet til høgre.



Gje barnebladet BARNAS til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.



Bestill abonnement

på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00

Frå kyrkjeverja

Rekneskapsresultat 2017

Resultatet for Kviteseid sokn viser for 2017 eit underskot på kr 114.000. Det skuldast i all hovudsak reparasjon av golvet i kyrkjestova i Brunkeberg kyrkje. Det var ikkje budsjettert med. Underskotet dekkjast inn med bruk av disposisjonsfond.

Investeringsprosjekta for 2017

Kommunen løyvde pengar til tre prosjekt, alle i Kviteseid kyrkje i 2017. Det var nytt brannvarsling-sanlegg, reparasjon av blyglasvindaugo og verneglas utanpå alle vindaugo. Brannvarslinga er installert og sett i gang, mens dei to glasprosjekta stod det litt att av ved årsskiftet, men dei gjerast ferdig våren 2018.

Vi minner om nettsida til kyrkja:

www.kviteseid.sokn.no

Der kan du finna masse nyttig informasjon om mellom anna ditt medlemskap i kyrkja, alle tiltak i trusopplæringa, soknerådet og alle møtereferrata dei siste åra. Så finn du informasjon om dåp, konfirmasjon, vigsel og dødsfall/gravferd. Kalenderen syner alle planlagde gudstenester og arrangement ut året. Du kan òg finna mange nyttige lenker, kontaktin-

formasjon og dagens bibelord frå Bibelselskapet. Velkommen til aktiv bruk av nettsida. Vi er òg å finna på Facebook som Den norske kyrka i Kviteseid.

KYRKJEBLADET digitalt


På nettsida vår vil du etter kvart kunne lesa dette og tidlegare utgåver av bladet. Vi sender i dag bladet i posten til fleire som bur utanfor Kviteseid. Kan vi få e-postadressa di, sender vi gjerne digitalt i staden, og sparer såleis litt porto.

TAKK!

Tusen takk til alle som har gjeve gåver på giroen i bladet. Samla i 2017 kom det inn kr 36.249,96. Trykking og utsending av 4 nummer i året kostar om lag kr 50.000. I tillegg går det med mange dugnadstimar til skriving og oppsett av bladet. Takk til dei frivilljuge medarbeidarane. Hugs at du kan få frådrag på skatten for gåver til bladet også!

Skattefrie gåver

Alle gåver til kyrkja kan du få frådrag på skatten for. Dei må berre samla vere over kr 500 i eit kalenderår. Øvre grensa for 2018 er heile 40.000 kroner. Alt vi treng frå deg er ei melding om at dine gåver skal meldast inn. Gjev du ofte, kan du få eit gjevnummer frå oss.



Døypte

Kviteseid: Sondre Midtbøen
Moen.
Fjågesund: Astrid Elisabeth
Øigarden.

Gravlagde

Kviteseid: Anna Midtgaard.
Sigmund Skarprud.
Birger Karl Skogheim.
Vrådal: Ingebjørg Helene
Bakkan.
Wenche Ruud.

Brunkeberg: Olav Berge.

Meir himmel på jorda

Godhetsveka

3. – 9. mai er det igjen godhetsveke i Kviteseid. No er det tid for å melde seg som medarbeidar for deg som har lyst til å gjere ein innsats som deltakar desse dagane. Dette er ei veke med mykje ulikt praktisk arbeid som menighetene i Kviteseid gjer i lag for bygda. I fjor fekk me 31 oppdrag ,og 60 person-

ar var engasjert i 250 dugnadstimar. Har du lyst til å vere frivillig medarbeidar kan du skrive deg på liste i kyrkja, eller kontakta kyrkjekontoret.

Kanskje er du ein av dei som kunne ha bruk for hjelp dette året? Frå 20. april tek me imot oppdrag. Det kjem annonse i VTB og flyers med eige nummer til.

Oppslagstavla

Ønskjer du skyss til gudsteneste?

Ring kyrkjeverje Kristen Salmelid på tlf. 35 06 81 31 eller Kirsti Skjæveland, tlf. 412 64 364.

Føremiddagstreff på Misjonshuset

25. april kl. 11.00

Vrådal Normisjon våren 2018

MARS

Sundag 25. kl.16 Songsamling

APRIL

Sundag 15. kl.16 Songsamling

Torsdag 26. kl.18:30 Kveldsmat og sundagens tekst

MAI

Sundag 13. kl.16 Songsamling

JUNI

Torsdag 7. kl.18:30 Kveldsmat og sundagens tekst

Kristi himmelfartsdag, 10. mai

kl. 11.00 blir det felles gudsteneste på Fredheim i samband med godhetsveka.

Misjonshuset i Kviteseid:

08.04. kl. 11.00 0-100-samling

10.04. kl. 19.30 Tysdagsmøte – Amund Rannestad

17.04. kl. 19.30 Tysdagsmøte – Sam Tore Bamle

22.04. kl. 11.00 0-100-samling – Eilev Erikstein

24.04. kl. 19.30 Tysdagsmøte Inge Håvard Jore

13.05. kl. 11.00 0-100-samling

15.05. dugnad

22.05. dugnad

27.05. kl. 11.00 0-100-samling – Mangor Harestad

29.05. dugnad

05.06. kl. 19.30 Tysdagsmøte – Hans Olav Hardang

10.06. kl. 11.00 Avslutningsfest

12.06. kl. 19.30 Tysdagsmøte – Tor Egil Abrahamsen

Trusopplæring i heimen

På familiegudstenesta 11. mars i Brunkeberg delte med ut «dåpsgåver» til born som er fødd i 2014-2017. Fekk de ikkje sjanse til å vere til stades, kan de ta kontakt eller henta gåva på kyrkjekontoret.

Takk

Vi vil rette ein stor takk til Niklas Karlsen som no går ut av redaksjonen. Han har gjort eit flott arbeid med utforminga av kyrkjebladet frå 2012 og til i dag.

Returadresse:
Kyrkjekontoret
Kviteseidgata 13
3850 Kviteseid

Gudstenester

MARS

- Sun. 25. Inga gudsteneste.**
Tor. 29. Skjærtorsdag, Matt 26,6-13
Vrådal kl. 18. Gudsteneste. Møyfrid Lunde.
Nattverd. Oftr. Kyrkjelydens
misjonsprosjekt
Fre. 30. Langfredag, Joh 18,1-19,42
Brunkeberg kl. 11. Gudsteneste. Møyfrid Lunde.
Oftr. Det Norske Bibelselskap.

APRIL

- Sun. 1. Påskedag, Matt 28,1-10**
Kviteseid kl. 11. Gudsteneste. Møyfrid Lunde.
Nattverd. Kyrkjekoret.
Oftr. Wycliffe bibeloversettere.
Vrådal kl. 13.30. Gudsteneste.
Møyfrid Lunde. Nattverd.
Oftr. Kyrkjelydsarbeidet.
Mån. 2. 2. påskedag, Luk 24,36-45
Fjågesund kl. 11. Gudsteneste. Møyfrid Lunde.
Nattverd. Oftr. Kyrkjelydens
misjonsprosjekt.
Sun. 8. 2. søndag i påsketida, Joh 21,15-19
Tokke kulturhus 17.00 Felles diakonigudsteneste
Sun. 15. 3. søndag i påsketida, Joh 10,1-10
Kviteseid kl. 11. Familiegudsteneste.
Møyfrid Lunde. Nattverd.
Unge røyster. Oftr. Kyrkjelydens
trusopplæringsarbeid.
Sun. 22. Inga gudsteneste.
Sun. 29. 5. søndag i påsketida, Luk 13,30-35
Vrådal kl. 11. Gudsteneste. Møyfrid Lunde.
Nattverd. Oftr. Kvitsund Gymnas.

MAI

- Sun. 6. 6. søndag i påsketida, Matt 7,7-12**
Kviteseid kl. 11. Samtalegudsteneste med
konfirmantane. Møyfrid Lunde.
Nattverd. Sundagsskule.
Oftr. Kyrkjelydsarbeidet.
Sun. 13. Inga gudsteneste.
Tor. 17. 17. mai, Matt 22,17-22
Kviteseid Kl. 11. Festgudsteneste.
Møyfrid Lunde. Barnegospel.
Oftr. Sjømannskirken
Fjågesund kl. 12.30. Festgudsteneste.
Møyfrid Lunde. Oftr. Kirkens SOS,
Telemark.
Brunkeberg kl. 13.45. Festgudsteneste.
Møyfrid Lunde. Oftr. Blåkors.
Sun. 20. Pinsedag, Joh 14,15-21
Kviteseid Kl. 11. Konfirmasjonsgudsteneste.
Møyfrid Lunde. Oftr. Kyrkjelydsarbeidet
Sun. 27. Treeningssundag, Luk 10,21-24
Kviteseid kl. 11. Gudsteneste. Møyfrid Lunde.
Dåp. Nattverd. Sundagsskule.
Kyrkjekoret. Oftr. NKSS.

JUNI

- Sun. 3. 2. søndag i treeiningstida,**
Joh 3,26-30
Brunkeberg kl. 11. Konfirmasjonsgudsteneste.
Møyfrid Lunde. Oftr. Kyrkjelydens
trusopplæringsarbeid.
Sun. 10. 3. søndag i treeiningstida,
Joh 1,35-51
Vrådal kl. 11. Konfirmasjonsgudsteneste.
Møyfrid Lunde. Oftr. Kirkens SOS,
Telemark.
Sun 17. 4. søndag i treeiningstida,
Matt 16,24-27
Kviteseid gamle kl. 11. Gudsteneste.
Møyfrid Lunde. Nattverd.
Oftr. Kyrkjelydens trusopplærings-
arbeid.